

# Kommunevalprogram 2015–2019



**Gloppen Arbeiderparti**

[www.gloppen.arbeiderparti.no](http://www.gloppen.arbeiderparti.no)

[facebook.com/Gloppen/AP](https://www.facebook.com/Gloppen/AP)



Gloppen Arbeidarparti presenterar eit offensivt og godt program for dei neste 4 åra. Gloppen Ap har ei god liste til valet, kandidatane har erfaring frå næringsliv, fagleg arbeid, friviljug organisasjonsarbeid og politikk og er svært motiverte til å gjere ein god innsats for kommunen vår.

Meiningsfylt arbeid og eit seriøst arbeidsliv for alle har alltid vore vår jobb nr. 1, tilrettelegging for verdiskaping og nye arbeidsplassar heng nøye saman med dette målet. Flyplass og rutetilbod, gode tilførsel- og interne vegar, tilgang på næringsareal, fleire attraktive tomter og utleigeboligar samt barnehageopptak og -dekning er viktige stikkord.

Gloppen AP vil stø opp om landbruksnæringa og næringsmiddelindustrien i kommunen. Gloppen AP vil bidra til vern av matjord og eit effektivt jordbruk som produserer meir mat.

Vi vil stø opp om Firda vidaregåande skule og arbeide hardt for å styrkje Gloppen som skulestad og kompetansesenter.

Gloppen er ein god kommune å bu i, men Gloppen Ap ynskjer å vidareutvikla gode velferdstilbod i tett dialog med dei tilsette sine tillitsvalte og frivillige lag og organisasjonar. Gode velferdstilbod, velutvikla infrastruktur, kultur og attraktive fritidstilbod er viktige for å vidareutvikla næringslivet og auke tilflyttinga til kommunen.

Gloppen har og unike føresetnadar for å utvikle seg som heilårs reisemål, dette må marknadsførast endå meir offensivt.

Arbeidarpartiet i Gloppen har ein heilskapleg, offensiv, men ansvarleg, politikk som dekker alle viktige områder. Les valprogrammet vårt og om du finn saker som du er oppteken av så kan du røyste på Gloppen Ap ved valet i september.

Gloppen Arbeidarparti vil saman med innbyggjarane gjere Gloppen til ein enda betre kommune å bu i.

Beste helsing

**Arnar Kvernevik**

Leiar Gloppen Ap/ordførarkandidat



[facebook.com/arnar.kvernevik](https://facebook.com/arnar.kvernevik)

# VERDISKAPING, ARBEID OG NÆRINGSPOLITIKK

For Arbeidarpartiet har meiningsfylt arbeid til alle alltid vore jobb nr 1. Vi vil legge til rette for verdiskaping og nye arbeidsplassar.

## Gloppen Arbeidarparti vil:

- Arbeide aktivt for etablering av nye arbeidsplasser. Samstundes vil vi ta vare på og legge til rette for utvikling av eksisterande bedrifter og landbruksnæringa.
- Vidareutvikle nærings- og industriareala på Kattahamrane og Eidsmona.
- Arbeide for å ha kommunale næringsareal tilgjengeleg i alle delar av kommunen.
- Bidra til at reiselivsnæringa i kommunen får utvikle nye produkt, mellom anna aktivt legge til rette for å gjere landskapsvernområdet lett tilgjengeleg.
- Arbeide for breiband med god kapasitet til heile kommunen.
- Arbeide for at miljø er eit tema i alle område av kommunen sin verksemd, i samråd med klima- og energiplan.
- Støtte klima- og miljøvenleg utbygging av småkraftverk med krav til minstevassføring og tersklar for å oppretthalde det biologiske mangfaldet.
- Ha kontroll på og arbeide for å forvalte kommunen sine kraftverdiar; aksjar, fallrettar og kraftstasjonar; slik at kommunen får stabile/føreseielege inntekter med lågast mogeleg risiko.
- Ha sterkt vern av matjord men vil og legge til rette for omregulering/alternativ bruk av LNF-område som ikkje er eigna som matjord eller beiteland.
- Stille strenge krav til bu- og driveplikt.
- Arbeide for at bonden skal ha eit godt og føreseieleg driftsgrunnlag, bidra til at alt drivverdig areal vert brukt og derav produserer meir mat.
- Styrkje kompetansemiljøet på Gloppen landbrukskontor og støtte andre landbruksfaglege utviklingsmiljø.
- Stø opp om landbruksnæringa og næringsmiddelindustrien i kommunen.
- Arbeide for å auke frie midlar til næringsfond.
- Arbeide for ei lik og rettferdig nettleige i heile landet.

## KOMMUNEREFORMEN

Kommunen er sjølve grunnmuren i velferdssamfunnet med ansvar for skule, helse, eldreomsorg og andre viktige velferdsoppgåver. Kommunen er ein demokratisk arena for innbyggjarane der ein kan få innverknad på samfunnsutviklinga. Kommunen er myndigheitsutøvar og har viktig ansvar for arealplanlegging, støtte til næringsutvikling og kan bidra til livskraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar. Ein kommunereform må ha som mål å styrke lokaldemokratiet, teikning av nye kommunekart må skje på grunnlag av kvar ein naturleg høyrer til, ikkje folketal.

## Gloppen Arbeidarparti vil:

- Aktivt ta del i drøftinga om kommunesamanslåing. Viktige prinsipp for oss ved eventuell samanslåing, er at lokalisering av private og offentlige tenestetilbod vert tilpassa den geografiske røynda. Den nye kommunen sine innbyggjarar skal ha akseptabel tilgjenge og avstand til dei viktigaste offentlege tenestetilbod, målet er at ingen skal få dårlegare kommunale tenester.
- At samanslåing skal være frivillig, kommunen sine innbyggjarar må takast med på råd.
- At god intern samferdsel og trygging av framtida for dei viktige institusjonane våre er avgjerande for oss i spørsmålet om og kven ein skal slå seg saman med.
- At ingen tilsette i Gloppen kommune skal miste jobben på grunn av kommunereformen.

## KULTUR OG FRITID

Kor vellukka eit samfunn er kan ikkje bare målast i materielle gode. Å høyre til små og store fellesskap er viktig for å kunne leve det gode liv. Engasjement i frivillige aktivitetar innan idrett og kultur styrkjer dette fellesskapet. Vi vil arbeide for å leggje til rette for den frivillige innsatsen.

Kunst og kultur aukar livskvaliteten og gjev oss identitet. Alle skal ha høve til å ta del i kunst- og kulturopplevingar, uavhengig av inntekt og kor dei bur.

### Gloppen Arbeidarparti vil:

- Gje alle tilgang til kulturopplevingar. Trivselshagen for alle!
- Vidareføre kommunale tilskot til lag- og organisasjonar.
- Sikre born og unge tilgang til og tilbod om kulturskule til ein rimeleg pris.
- Arbeide for gode og varierte idretts- og mosjonstilbod for alle. Obligatorisk kroppsøving/fysisk aktivitet i skulen kvar dag i tråd med nasjonale tilrådingar.
- Vere ein medspelar og økonomisk bidragsytar for å utvikle Gloppen som arrangementskommune.
- Styrkje det fleirkulturelle tilbodet i kommunen.
- Aktivt integrere tilflyttarar og nye landsmenn gjennom kultur.
- Arbeide for godt vedlikehald av friluftsområde.
- Arbeide for å utvikle aktivitet og rekreasjon i landskapsvernområdet; i samarbeid med grunneigarar og vernemyndigheitene syte for betre tilkomst for alle gjennom bygging av turstiar og klopper.
- Vi ser på kultur som ei «næring» med vekstpotensiale og ringverknader for lokalt næringsliv. Vi vil arbeide for å sikre knutepunktstatusen til Norsk Country-treff og legge til rette for at dei ulike festivalane kan fortsette å utvikle seg.
- Oppretthalde biblioteket på Byrkjelo og Hyen.

## HELSE OG OMSORG

Alle, same kor sterke vi er, kjem ein eller annan gong til det punktet der vi kan trenge hjelp. Då skal samfunnet stille opp. Eit sterkt fellesskap gjev enkeltmennesket meir fridom, fordi det skapar tryggleik når vi treng det. Vårt mål er gode ordningar som set folk i stand til å klare seg sjølve, og gje omsorg og hjelp til dei som ikkje klarar seg på eiga hand.

### Gloppen Arbeidarparti vil:

- Arbeide for utbygging og utvikling av pleie- og omsorgstenestene i kommunen for å sikre framtidige behov, auke satsinga på velferdsteknologi.
- Arbeide for gode driftsrutinar som frigjev meir tid til omsorg.
- Sikre eit godt tilbod for demente, vidareføre "Inn på tunet"-tilbodet som gjev avlastning for tidleg demente.
- Ha gode tilbod for unge brukarar.
- Prioritere rusarbeidet og få på plass naudsynte ressursar. Vi vil arbeide for meir informasjon om kva skade rus påfører familiar og samfunn.
- Rekruttere fleire tannlegar til Gloppen.
- At Gloppen fortsatt skal være i landstoppa når det gjeld fysisk aktivitet og folkehelse.

## OPPVEKST OG SKULE

Gloppen er og skal være ein god kommune å vekse opp i. Vi skal arbeide for at alle som ynskjer det, skal få barnehageplass. Vi vil ha ein inkluderande skule der alle har like høve til ei god utdanning.

### Gloppen Arbeidarparti vil:

- Arbeide for full barnehagedekning med fleire og gjerne fleksible opptak gjennom året.
- Satse på høgt nivå på IKT i oppvekst-sektoren.
- Ha god standard på skuleanlegga, særleg Hyen skule treng opprusting.
- Arbeide for å styrkje og utvikle Gloppen som skulestad og kompetansesenter.
- At Firda Vidaregåande skule skal vere ein attraktiv skule for kommunen og regionen med eit breitt og variert tilbod. Vi vil arbeide for at tilreisande elevar vert teke godt vare på gjennom tilrettelegging og synleggjering av fritidstilboda.
- Arbeide for fleire lærlingplassar hjå kommunen og private bedrifter.
- Arbeide for å oppretthalde og bidra til å utvikle høgskuletilbodet på Statped Vest sin avdeling Søreide.
- Syte for å være ein god lagspelar for Nordfjord Folkehøgskule ved å nytte ressursane og kompetansen dei har.
- Styrke norskopplæringa for arbeidsinnvandrarar og busette flyktningar.
- At det skal være nulltoleranse mot mobbing.
- At skulevegen skal være trygg! Vi vil arbeide for nye gang- og sykkelveggar og vil prioritere strekningane Bukta-Vonheim, Arbeidskyrkja-Evebøvegen og langs E39 frå krysset E39/FV692 gjennom Reed til Reed stadion.
- Sjå nærare på grensene for rett til skuleskyss for grunnskuleborna; vi vil vurdere behovsprøving av skuleskyss avhengig av trafikktryggleiken til borna.
- Arbeide for tilrettelegging for dei som treng tilpassingar i undervisninga.
- Styrkje/auke tilbodet om leksehjelp i grunnskulen.
- At leik, fysisk aktivitet og kultur skal prege skulefritidsordninga.

## SAMFERDSLE

Gode kommunikasjonar er svært viktig for å sikre busetnad og næringsutvikling. Arbeidarpartiet har som mål å oppretthalde flyplass-strukturen i fylket, og vi vil arbeide for betre og billigare rutetilbod på Anda. Vedlikehald og utbetring av vegstandarden må halde fram.

### Gloppen Arbeidarparti vil:

- Auke midlane for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar. Vi vil ha asfalt på grusvegane.
- Arbeide for å styrkje flyrutetilbod på Sandane Lufthamn, Anda.
- Arbeide for 20 min avgangar Lote-Anda.
- At E-39 bru over midtre Nordfjord skal være ferjeavløysande.
- Arbeide for snarleg opprusting av E-39 Kleivedammen – Byrkjelo.
- Støtte arbeidet for utbetring av fylkesveg 615 Sandane-Storebru; Midtvegen.

# BUSTAD OG NÆROMRÅDER

Ein god bustad er eit naudsynt grunnlag for eit godt, fritt og trygt liv. Tilgang på tomter er heilt avgjerande for tilflytting til Gloppen.

## Gloppen Arbeidarparti vil:

- Legge til rette for tomter og bustader i heile kommunen.
- At kommunen skal spele ei aktiv rolle i bustadpolitikken og utforming av bustad-områda.
- Fortsette arbeidet med å utvikle Grandane til eit godt og attraktivt sentrumsområde.
- Utvikle bygdesentra; Sandane, Byrkjelo, Reed og Hyen med hovudvekt på trivsel og trafiktryggleik.
- Vere positive til reguleringar av hyttefelt og utnytting av utmarksressursar.

# KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Kommunen har mange og dyktige medarbeidarar. I 2013 var det 558 tilsette i Gloppen kommune; 459 kvinner og 99 menn. Arbeidarpartiet er opptekne av at dei tilsette skal trivast og ha ein god arbeidssituasjon. Vi ynskjer å bidra til at dei tilsette får utvikle seg og bruke sine evner og kunnskap til beste for innbyggjarane.

## Gloppen Arbeidarparti vil:

- At kommunen rekrutterer og beheld kompetente medarbeidarar, god arbeidsgjevarpolitikk er lik ein god rekrutteringspolitikk.
- Ha lik lønn for likt arbeid.
- Ha eit inkluderande arbeidsliv med tett oppfølging frå arbeidsgjevar av tilsette som er sjukemelde.
- Utvikle tilsette med kurs- og vidareutdanning. Kommunen skal lønne utvikling.
- At det skal bli slutt på ufrivillig deltid. Ha størst mogleg stillingsprosentar for dei som ynskjer det, vårt mål for grunnbemanninga er at minst 80 % av dei tilsette skal ha 100 % stilling. Nødvendig fleksibilitet syter dei resterande 20 % for.
- Sjå på lærlingar som ein ressurs, legg til rette for at kommunen tek inn fleire lærlingar.
- At du skal ha dei same moglegheitene i kommunen uavhengig av livsfase, kjønn, etnisk tilhøyrigheit eller funksjonshemming.
- Arbeidarpartiet vil reversere Solberg-regjeringa sine endringar i Arbeidsmiljølova. Gloppen Arbeidarparti vil at Gloppen kommune som arbeidsgjevar skal lage lokal særavtale med organisasjonane som byggjer på dei gamle reglane i AML når det gjeld tilsetingar i faste stillingar og arbeidstid.



**Arnar Kvernevik**  
Ordførarkandidat  
Yrke: Ingeniør



**Laila Frøystad Falck**  
Varaordførarkandidat  
Yrke: Fagarbeidar



**Nicolai M. Willis**  
3. kandidat  
Yrke: ROV-pilot



**Liv Aa Holme**  
4. kandidat  
Yrke: Pensjonist



**Ragnar Andenæs**  
5. kandidat  
Yrke: Konsulent



**Peter Lothe**  
6. kandidat  
Yrke: Assistent

## **Kandidatane våre** (utheva har stemmetillegg)

1. **Arnar Kvernevik - f 1955.**  
Sandane
2. **Laila Frøystad Falck - f 1971.**  
Sandane
3. **Nickolai Midtbø Willis - f 1989.**  
Hyen
4. **Liv Petra Holme - f 1948.**  
Hyen
5. **Ragnar Andenæs - f 1952.**  
Vereide
6. **Peter Lothe - f 1962.**  
Sandane
7. **Siri-Merethe Solheim - f 1968.**  
Byrkjelo
8. **Marit Reikvam - f 1953.**  
Sandane
9. **Bjørn Rygg - f 1965.**  
Hyen
10. **Elisabeth S Andenæs - f 1981.**  
Vereide
11. **Rune Kjørвик - f 1949.**  
Sandane
12. **Aase Karin Hope - f 1944.**  
Hyen
13. **Torbjørn Vereide - f 1989.**  
Sandane
14. **Leela Anita Kjørвик - f 1971.**  
Sandane
15. **Ove Johan Haugerøy - f 1983.**  
Sandane
16. **Margot Henden - f 1930.**  
Sandane
17. **Ola Tarjei Kroken - f 1976.**  
Sandane

# **VIL DU VERE MED?**

**Send sms  
"Ny medlem AP" til 1980  
eller meld deg inn på  
[Arbeiderpartiet.no/blimed](https://Arbeiderpartiet.no/blimed)**